



*Vil du trivast i ein liten kommune med oversiktlege forhold ? Då er Modalen plassen for deg. Her vil du koma tett på den enkelte innbyggjar, og saman med oss kunna nyta det gode livet på landsbygda. Samstundes er ikkje byen langt borte, berre ein times kjøring til Bergen. Modalen er ein liten kommune med stor kraft. Besøk gjerne vår samarbeidspartnar Uni Micro AS på [www.unimicro.no](http://www.unimicro.no) dersom dykk er 2 eller fleire som ynskjer å komme til Modalen!*

## Ekstern utlysning - ledige helsefagarbeidar-/assistentstillingar

### Kort om stillingane

Følgjande faste stillingar er ledige:

- stilling nr. 1: 13,15 %, to-delt turnus med arbeid kvar 3. helg. 6-vekersturnus. Ledig frå 01.09.20
- stilling nr. 2: 24,53 %, 3-delt turnus med arbeid kvar 3. helg. 6-vekersturnus. Ledig frå 01.09.20.
- stilling nr. 3: 16,55 %, to-delt turnus med arbeid kvar andre og fjerde helg. 6-vekersturnus. Ledig frå 01.09.20.

Du må skrive i søknaden kva stilling (nummer) du søker på.

### Om arbeidsstaden

Modalen kommune si pleie- og omsorgsteneste har ein sjukeheim som ligg idyllisk plassert på Øvre Helland, ca. 15 min. å køyre frå kommunesenteret på Mo. I tillegg til Modalstunet leverer me tenester til heimebuande i kommunen. I fortsetjinga har me behov for å stykje bemanninga innanfor helsefag.

Dersom dykk er fleire som vurderer å komme til Modalen oppmodar me om å besøkje vår samarbeidspartnar Uni Micro AS på [www.unimicro.no](http://www.unimicro.no) for evt. ledige stillingar.

### Arbeidsoppgåver og ansvar

- Helsefaglege oppgåver på Modalstunet.
- Helsefaglege oppgåver retta mot heimebuande brukarar.
- Medverknadsansvar for å sikre brukarane kvalitativt gode tenester.
- Medansvar for å sikre implementering og bruk av digitale tenester, samt velferdsteknologi.
- Ta del i kommunen sitt kvalitetsutviklingssystem.
- Bidra til god ressursutnytting.
- Bidra til eit god arbeidsmiljø.

### Kompetansekrav

- Fagbrev som helsefagarbeidar, men andre som har interesse for arbeid innan pleie og omsorg vert og vurdert.
- Sertifikat kl. B, manuelt gir.
- Evne til å ta del i endrings- og utviklingsarbeid.
- Norsk kunnskapar på min. B1-nivå.

### Våre ynskje om deg

- Du er positiv, fagleg nyfiken og glad i å drøfte faget ditt.
- Du er raus, utviser tolmod og er reflektert i din omgong med brukarar, pårørande og kollegaer.
- Du er oppteken av ditt eige ansvar med å bidra til eit godt arbeidsmiljø.
- Du er oppteken av å halde deg fagleg oppdatert.
- Du er ryddig og strukturert.
- Du er oppteken av å vere ein god kollega og roser gjerne andre på din veg.
- Du har høg ansvarskjensle og gjennomfører godt det du skal.

### Me kan tilby

- Tilsetjings- og arbeidsvilkår i tråd med tariffavtale.
- Hjelp til å skaffe bustad v/ behov. Moglegheit for å leige kommunal bustad.
- Moglegheit for å overnatte på sjukeheimen frå kvelds- til dagvakt.
- Eit godt fagleg miljø med høg kompetanse.
- Pensjonsavtale i KLP.

### Du kan søkje på stillinga slik:

Søknaden sender du til [postmottak@modalen.kommune.no](mailto:postmottak@modalen.kommune.no)

*Søknadsfrist* 24.08.2020

*Utløst dato* 23.07.2020

*Vårref*

32

**Kontaktperson**

Margrethe Laastad Kvamme, tlf: 56599091, mobil: +4794507383, margrethe.kvamme@modalen.kommune.no